

Utdanningsplan for: Voss Sjukehus Haukeland Universitetssjukehus, Helse-Bergen HF

Spesialitet Fødselshjelp og kvinnesjukdommar

Publisert juni 2019

Skildring av utdanningsverksemda

Gyn- og fødeavdelinga på Voss Sjukehus disponerer 12 senger i ei kombinert føde/barsel og gynekologisk avdeling. 2 av sengene er reservert gynekologiske/kirurgiske pasientar.

Fødeavdelinga har kring 450 fødsjar årleg. Vi samarbeidar tett med Kvinneklinikken i Bergen, og fylgjer nasjonale retningslingjer når det gjeld seleksjon av pasientgrupper. Vi har obstetrisk poliklinikk med kring 400 konsultasjonar årleg for oppfølging av risikosvangerskap.

Gynekologisk del av drifta inkluderar kring 3000 polikliniske konsultasjonar, 90 døgnopphald og 500 dagbehandlingar.

Vi driv elektiv operativ verksemd med 2 (planlagt auka til 3) operasjonsstover pr veke. Utover pasientar frå eige sjukehusdisktrikt får vi i samarbeid med Kvinneklinikken i Bergen overført både operasjonspasientar og polikliniske pasientar til Voss sjukehus. Dette for å utnytta kapasiteten i Helse Bergen best mogeleg, og for å oppretthalda eit utfordrande faglig miljø og godt volum hjå oss.

Voss gyn/fødeavdeling har i samarbeid med Kvinneklinikken og Barneklinikken ved Haukeland Universitetssjukehus utarbeida eigne samarbeidsavtalar som vert reviderte og oppdaterte jamnleg.

Det er 5 spesialistar i Fødselshjelp og kvinnesjukdommar i avdelinga. Dei går i snitt i ein 5-delt turnus med heimevakt på kveld og natt. Vi har ein LIS3. LIS har forvakt på dagtid alle vekedagar, og er forvakt ein kveld/natt pr veke. Det er ikkje barnelege på sjukehuset.

Sjukehuset har døgnberedskap for akutt kirurgi.

Skildring av utdanningsløpet

LIS3 innanfor Fødselshjelp og kvinnesjudomar vil få ei brei og grunnleggjande erfaring i fagfeltet på Voss sjukehus. Me er ei lita avdeling, og vil ha ein utdanningplan som gjev god progresjon innanfor både generell gynekologi og obstetikk parallellt, istaden for gjennom rotasjonar som er vanleg på større avdelingar. LIS går alltid med vakttelefon som forvakt på dagtid og vert involvert i alle akutte obstetriske eller gynekologiske hendingar i avdelinga samman med erfaren gynekolog. LIS er med på morgonmøte/visitt på Føden kvar dag, og visitt på evt inneliggjande gynekologiske pasientar. LIS vil i tillegg under supervisjon ha gynekologisk og obstetrisk poliklinkk, samt vere med erfaren ultralyd jordmor for systematisk opplæring i obstetrisk ultralyd /screening. LIS er med på alle gynekologiske operasjonar og planlagte keisersnitt, og vil ha 2 operasjonsdagar i veka gjennom heile utdanningsløpet her.

For å få nok erfaring med obstetrik, gynekologiske kreftsjudomar og sjeldne tilstandar innanfor generell gynekologi, vil utdanningskandidaten trengja teneste ved Kvinneklinikken Haukeland Universitetssjukehus. I samråd med RegUT si tilråding estimerar vi at det vil ta 24 mndr der for å oppnå dei læringsmåla som ein ikkje kan oppnå ved eigen læringsarena. I den tida vil hovudfokus vera på teneste ved obstetrisk avdeling, gynekologisk kreftavdeling samt ved UL laboratoriet. Dei kirurgiske læringsmåla kan oppnås ved kirurgisk teneste i 6 til 12 månadar på eige sjukehus. Til saman vil dette utdanningsløpet dekkje alle læringsmål ved spesialiseringa innanfor Fødselshjelp og Kvinnesjukdommar.

Introduksjon av nye LIS

Nytilsett LIS vil motta avdelinga sin utdanningplan, oversikt over introduksjonsperioden, lenker til obligatoriske e-kurs for nytilsette og dessutan nyttige lenker til kurskatalog og kompetanseportal.

Ny LIS får tildelt ein rettleiar fyrste veka etter tilsetjing. LIS vil fra 1.mai 2019 få tildelt ein individuell utdanningplan i kompetanseportalen.

Vidare vil introduksjonsperioden tilpassast individuelt til LIS sin erfaring med faget. Som eit utgangspunkt er fokus dei fyrste fire vekene å bli kjent med avdelinga sine rutiner og å få kjennskap til det normale fødselsforløpet. LIS vil dels fylgja erfaren jordmor med kvinner i fødsel og dels fylgja overlege på poliklinikk og operasjon.

Supervisjon, rettleiing og fagleg utvikling.

Avdelingsoverlege tildeler legen ein utdanningsplan for spesialiteten i Kompetanseportalen. Det vert forventa at LIS set seg inn i denne, og i avdelinga sin generelle utdanningsplan.

Rettleiing:

Ein rettleiar vert tildelt LIS fyrste veka etter tilsetjing. Rettleiar og LIS skal ha ein introduksjonssamtale innan dei to fyrste vekene. Rettleiar og LIS skal heretter ha strukturerte rettleiingssamtaler 10 gonger pr år. Rettleiingssamtalane skal registrerast i Kompetanseportalen. Det er både LIS og rettleiar sitt ansvar at dette vert gjort. Alle rettleiingar skal gjennomgå eit formelt 2-dagers rettleiarkurs, arrangert av Helseforetaket.

LIS får dagleg supervisjon, dette er eit definert ansvar for vakthavande overlege.

LIS har avsatt 4t/veke i arbeidsplanen til fordjupning. Fordjupninga avviklast innanfor vanlig dagarbeidstid.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

LIS fører sjølv inn sine oppnådde/gjennomførte læringsaktivitetar i kompetanseportalen og sender dei til godkjenning til overlege, rettleiar eller avdelingsoverlege. LIS har og ein del læringsaktivitetar som vert godkjent ved sjølvevaluering. Mange prosedyrar kan signerast i blokk.

Teoretisk undervisning

Den teoretiske undervisninga i avdelinga består av ulike fora:

-Internundervisning på fødeavdelinga 45 min/veke.

Dette vert organisert av avdelingsoverlege i samarbeid med avdelingsjordmor. Legane (LIS og overlegar) samt jordmødrene bytar på å vera ansvarleg for å halda undervisninga.

-Artikkelgjennomgang/kasusdiskusjon i legegruppa 30 min/veke.

-Undervisning med barnelege ca 6 t/år.

-Undervisning med fastlegar 4 x 3t/år.

-Undervisning med jordmødre (fagdag) inntil 1 dag pr halvår (relevante tema)

LIS har rett til utdanningspermisjon med løn til 5 kursdagar per halvår, og sjukehuset betaler kursavgift. Legeforeninga betaler reise og opphald (minus

eigenandel). Dersom det er rom for, og ynskje om ytterlegare utdanningspermisjon kan dette avtalast med avdelingsoverlege.

Felles kompetansemål (FKM)

Det skal opprettast felles grupperettleiing for alle LIS2/3 ved Voss sjukehus i regi av utdanningsansvarleg overlege. Denne rettleiinga vil ha fokus på FKM.

Utdanningsutval og utdanningsansvarleg overlege

Utdanningsansvarleg overlege ved Voss sjukehus har det overordna ansvaret for alle LIS på heile Voss sjukehus, og er hovudansvarleg for å tilretteleggja for måloppnåing innanfor FKM.

På Føde- og Gynavdelinga er det ein eigen utdanningsansvarleg overlege som har ansvar for å utarbeida individuelle utdanningsplanar og å tilretteleggje for måloppnåing innanfor dei fagspesifikke læringsmåla.

Forskning

For tida er det ikkje nokon overlegar med doktorgradskompetanse ved avdelinga. Alle LIS vert oppfordra til å drive med forskning og det vert jobba kontinuerleg med kvalitetsforbetring ved avdelinga.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetjing vil det verta utarbeida ein individuell utdanningsplan for LIS som viser kva LIS skal gjennomføra (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer), basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen vert utarbeida av LIS i samarbeid med rettleiar og evt. utdanningsansvarleg overlege. Planen skal godkjennast av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Avdelinga har D-boks, og LIS skal fylgja eit systematisk program for trening og godkjenning av ferdigheiter i laparoskopi etter mønster foreslått av «Boksen går» kampanjen til FUGO.

Målsetjing er også regelbunden «hands on» undervisning i praktisk fødselshjelp på simuleringsmodell etter modellen «GETPRO».

Ettersom det ikkje er barneavdeling på Voss må både overlege og LIS også få kunnskap, opplæring og trening i akutt nyfødtdmedisin, samt relevante pediatriske problemstillingar. Det er laga eit systematisk undervisningsopplegg

for avdelinga i samarbeid med barnelege frå BKB, og det vil leggjast til rette for at LIS får delta på alle treningar (scenario/sirkeltrening) og undervsining når barnelege eller utdanna fasilitator er tilstades. LIS har til liks med overlege mogelegheit for hospitering ved BKB, og vil få utdanningpermisjon med løn inntil 5 dagar pr år for dette.

Tillitsvalde

Voss Sjukehus har ein tillitsvald LIS (YLF representant) samt vara. Desse vert inkludert i utarbeiding av arbeidsplanar mm ved sjukehuset. Tillitsvalde får reise på nødvendige kurs for å ivareta funksjonen sin.

Kontakt

For spørsmål kring spesialistutdanninga; ta kontakt med Avdelingsoverlege ved Føde- og Gyn avdelinga ved Voss sjukehus.